

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Arkiv nr:

Sak nr 30/2020

Møtedato: 29.09.20


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S666, N-Trøllhøvd - nedgraving av gjødseltank

Fjellstyret har motteke ein søknad om nedgraving av 40 m³ gjødseltank, Dette er tiltenkt som mellomstasjon for dyre møkk frå heime i bygda som skal nyttast på stølen.

Dei finn det meir lønsamt tidsmessig og økonomisk å leige semitrailer for å køyre dyre møkk til stølen. Den skal då kun lagrast på tanken i ein dag. Tanken vert grave ned på angjeve plassering, og vert ikkje synleg.



Vedlagt kart syner dei stølsjorder garden disponerer (i raudt), samt plassering av tanken.

Dette er sendt på høyring til Statskog, samt nærmeste nabo som er Torill Trøen på støl S 628.

Statskog:

Statskog mener at rett § vil i dette tilfellet være § 25 i Kap.8 i Seterforskriften - om hus og anlegg. Det er fortsatt fjellstyret som kan gi tillatelse med vilkår etter at saken er lagt fram for Statskog og regional kulturmennestyresmakt.

Det kan gis tillatelse etter § 25 til anleggelse av gjødselkum dersom drift av seter eller tilleggsjord krever det. Etter Statskogs mening er ikke seter- og tilleggsjorddrifta i dette tilfelle direkte avhengig av muligheten for å lagre gjødsel i gjødselkum. Likevel fremstår det som svært rasjonelt i forhold til transport og praktiske forhold, og det vil uten tvil være en fordel for drifta. Statskog har på denne bakgrunn ingen innvendinger mot tiltaket, men har følgende merknader:

- Søknaden behandles etter § 25 i Seterforskriften – om oppføring av nye hus og anlegg mm.
- Fjellstyret må før vedtak fattes, vurdere om planene er levedyktige og at tiltaket er realistisk å få gjennomført.

- *Tiltaket skal være nødvendig for drifta av landbrukseiendommen.*
- *Det forutsettes at tilfredsstillende sikring etableres og vedlikeholdes*
- *Ha med vilkår i vedtaket krav om fjerning ved opphør av bruk*
- *Det bes om at fjellstyret, som lokalkjent i området, ivaretar hensyn til andre brukere, for eksempel med tanke på terrengtilpassing, størrelse og plassering.*

Torill Trøen, S 628

Eg er stølsbrukar på 94/1 F 628. Eg er altså då stølsbrukar og næreste nabo til denne planlagde gjødelstanken, som etter teikninga blir liggande svært nær mitt stølsbruk.

Vi brukar vår støl frå fyrst i juni til medio september.

Eg er redd det blir mykje sjeneranse lukt frå og rundt tanken, samt at ei plassering så nær Haugrudvegen kan bli sjenerande i stølslandskapet. Ikkje då berre for meg, men også for forbipasserande på Haugurdvegen. Bed derfor Fjellstyret i samråd med Viste finne ei anna plassering av tanken.

Vurdering:

Administrasjonen slår fast at S 666 tilhøyrande Torill Viste er faktisk i bruk, og har då rett til å få vurdert behov for det aktuelle anlegget. Ein finn at planane er reelle, då dei allereie har fått tak i den omtala tanken samt at det ikkje er ugrunna behov knytt til mellomlagring då det kan vere rasjonelt å køyre dette med semitrailer. Ein ser og dette tiltaket som naudsynt for drifta slik eigar legg opp sin drift.

Slik sett kan ein behandle denne saka etter § 25 i Seterforskriften.

Når det gjeld plassering av sjølve tanken, er det komme ein negativ merknad frå næreste nabo – Torill Trøen på S 628. Deira merknad går på eventuelle lukt problem. Trøen sin støl vert liggande ca 80 meter frå tanken.

Administrasjonen har sjekka opp lukt problematikken med landbruksavdelinga i Vestre Slidre kommune, som finn at det normalt sett ikkje vil verte eit reelt luktproblem over tid. Dette då det raskt danner seg ei hinne/skorpe på attverande dyre møkk i tanken, som gjer at lukta forsvinn fort.

Ein tolkar då landbruksavdelinga si uttale som betryggande, og tilrår difor godkjenning av tiltaket trass i negativ merknad frå berørt nabo.

Tiltaket må klart sikrast, med lokk osv slik at ikkje ville dyr/anna kan falle ned i tanken. Ved opphør av bruk må tiltaket i sin heilskap fjernast.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner, jfr Seterforskriften § 25, nedgraving av omtala tank på ca 40 m³ på angjeve plassering på S 666. Godkjenninga er gjeve på følgjande vilkår:

1. Tank skal gravast ned og ikkje ha synleg del anna enn for eventuelt lokk
2. Tank skal sikrast, både mot forureining samt for andre dyr.
3. Ved opphør av bruk/eventuelt at dyrkingsparsell fell i det fri osv, må tanken fjernast innan frist sett av Fjellstyret

VEDTAK:

Som forslaget, samrøystes

Etter § 10 i fjelloya tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.

Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.09.20

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Torill Viste
Torill trøen
Statskog
Vestre Slidre kommune